

INNSPEL TIL KOMMUNEPLANEN

Del 1: Naustområde

Vi ønskjer å leggje til rette for betre og meir aktiv bruk av eksiterande strand/sjøområde med naust- og småbåtbryggjer på gnr 119 SUNDSBØ.

Område og planlagt arealbruk.

Aktuelt område ligg i Langøysundet vedlegg 2.

Vedlegg 1 viser avgrensing og ønska areal bruk . Arealbruken delt i:

- Område i sjø for flytebryggjer /naustbryggjer
- Byggjeområde for naust/sjøboder
- Natur og friluftsområde

Ønska tiltak/anlegg.

Område sjø.

- Utlegging av flytebryggjer for småbåtar innafor avmerka område.
 - Tal på bryggjer og båtplassar må ordnast slik at området kan utnyttast best mogeleg utan å hindre tilflot til eksisterande naust og lunnar, eller til felles båtopptrekk.
- Mudre ut (der det er nødvendig) for å få nok djupne i bryggje og opptrekksområde.
- Byggje faste bryggjer i tilknytning til eksisterande naust.
- Byggje lunnar for utsetting/opptrekk av båt i tilknytning til eksisterande naust, pluss tilstelling av felles båtopptrekk.

Byggjeområde på land.

- Bygging av inntil 7 nye naust/sjøboder. (6 på bnr 1 og 1 på bnr 3).
- Byggje lette gangveggar/bryggjer langs strandlina
- Forlenge eksisterande veg på bnr 1 fram til nytt naustområde, veglengde ca 30 m.

Natur og friluftsområde.

- Stelle til strandområde og fellesområdet for opphald og fritidsaktivitet.

Bakgrunn for og mål med tiltaket.

Sundsbo har frå gammalt av hatt dette område som sitt viktigaste kontaktpunkt til sjøen og 3 av dei 5 hovudbruka bnr 1, 2 og 3 har alltid hatt sine naust her.

I utskiftinga på 50-talet, vart strandområde her delt mellom bnr 1 og bnr 3. Bnr 2 fekk utskilt tomt rundt sitt eksisterande naust. I tillegg vart det avsett eit fellesareal for dei 5 hovudbruka, jf av kopi av utskiftningskart. Utskiftinga sikra såleis at området kunne fortsette å vere Sundsbøgarden sin hovudtilkomst til sjøen.

I åra som har gått etter utskiftinga er det kome til fleire hus og hytter på Sundsbø. Alle dei nye eigedomane har fått avtalar om rett til naust eller båtfeste og dei fleste av desse rettane ligg i dette området..

Fram til i dag er utnytting av området ordna med enkle løysingar. utan samla plan. For å optimalisere området sin kapasitet og samstundes sikre ei utvikling som aukar området sin bruksverdi både for fastbuande, hytteeigarar og turgåarar, ønskjer vi at det i kommuneplanen vert opna for å vidareutvikle og tilrettelegge dette området, slik at det møter dagens krav til båtbruk og trivsel for oss på Sundsbø.

Del 2: Tomteområde

Område og planlagt arealbruk.

Aktuelt område ligg i Vedlegg 5.

Vedlegget viser avgrensing mot bruk nr. 3

Området er utanfor det som er idag er brukt til landbruksareal, og vil ikkje komme i konflikt med gardsdrifta.

Ønska tiltak/anlegg.

Området er tiltenkt boligområde for fastbuande.

Det er allereie eit område med 3 hus i, og det vil derfor passe fint å leggje nye tomter her.

Med å konsentrere busetnaden på eit avgrensa område, unngår ein å kome i konflikt med dagens, eller framtidens, jordbruk.

Bakgrunn for og mål med tiltaket.

Sundsbø har vore ei bygd frå gammalt av, og for å få til ei levande bygd, er det viktig å halde på dei fastbuande. Me ynskjer difor å utvide området med fleire bustader. Dette vil sikre at det vil verte meir liv i området framover i lang tid. Sundsbøbygda er eit fantastisk område å bu i for barnefamiljar, og det vil vera synd om ikkje fleire skulle få denne muligheten.

På sikt vil auka busetnad og auka trivselen for dei som allereie bur her.

Helsing

Kathrine Frode

Vedlegg 1,2,3,4 og 5 (kartskisser).